

Var både for breie og for tunge

LÆRDAL: Statens vegvesen sin kontroll på Håbakken gjennom helga avdekte fleire ting som ikkje var som det skulle. Det vart skrive ut to overlastgebyr kvar på 2.900 kroner pluss to gebyr for slitne dekk. To bus-sjåførar vart melde til politiet fordi dei ikkje stogga for kontroll. Det vart gitt to bruksforbod, fordi transporten var for brei og vart gjennomført utanfor lovleg tid. I tillegg var ein varebil overlasta med 400 kg.

Statnett rustar for vinteren

HAFSLO: Statnett tek ikkje sjansen på å møta stengd veg til Hagafjellet. Nyss fekk nettgiganten levert eit monster av ein Massey Ferguson 7726 for snørydding på vegen opp til og på området der transformatorstasjonen i Øvstedalen er montert. – Dette er den største traktoren me har levert og den største som går i vårt salsdistrikt, seier Ola Hauge, som driv Eiksentret i Sogndal. Til traktoren er det kopla ein Dalen 2013 snøfresar. Traktoren hentar fråsparket frå ein maskin på 280 hestekrefter.



STATSBUDSJETTET

Hadde venta at dei nystore blei smurde

■■■ Nye storeiningar må smørja sjølve ■■■ Fikk ikkje «startbonus»

LEIKANGER: – Med dette budsjettet må me lengre ned på kistebotnen for å makta driva eit like bra tilbod som no.

Det seier Terje Heggheim, rådmann i Kinn kommune, som slår fast at kommunane sitt forbruk neste år veks meir enn inntektene.

Dei fire nystore

Han sit på toppen av den nye storeininga ute ved kysten, Kinn kommune, som er Flora og Måløy.

Terje Heggheim er alt anna enn nøgd med kva budsjettframleget har å by nysamslatte kommunar, I Sogn og Fjordane er det fire slike, forutan Kinn, er det Stadt, Sunnfjord og Sogndal.

Signaleffekten

Kinnrådmannen meiner det hadde vore rimeleg om Regjeringa såg behovet for å smørja dei nye kommuneiningane betre.



– Eg hadde forventa det, seier han, og hevder at ingen kan meina at dei nye einingane skal klara ta ut effekten av samanslåing alt første året.

Han er også undrande til at Regjeringa ikkje nyttar høvet til å senda eit signal til kommunar det kan bli lagt press

på framfor ein ny runde med samanslåingar.

Under landssnittet

Dei fire nye storeiningane på kommunesektoren i Sogn og Fjordane ligg under landssnittet på forventa inntektsvekst. Denne er 2,2 prosent

vekst, medan den såkalla deflatoren, som reflekterer løns- og prisveksten, er 3,0. I Indre Sogn er det Årdal og Vik som dreg med seg pårekna vekst stor nok til å matcha nemnde nivå. Vik med 2,9 og Årdal, med god margin, 3,5 prosent. Det siste seier mykje om

dei to industrikommunane sin skatteinngang, næringslivet går godt, men kan også reflektera eit demografisk bilet med tyngde mot fleire eldre.

Det er såleis ikkje berre oppside å skilta med ein høgre pårekna vekst.

Strir med fråflytting

Den nye rådmannen i Vik, Øistein Søvik, som lytta til budsjettorienteringa saman med ny ordførar i Vik, Roy Egil Stadheim, får til liks med Årdal også eit anna problem å stri med, nemleg fråflytting. I Vik gjekk folketalet ned med over tretti siste året.

– Det er for tidleg å seia korleis det store biletet vil ta seg ut, seier rådmannen.

– Folketalet viktigast

Terje Heggheim styrer ein kommune med 17–18.000 innbyggjarar frå nyår.

Noko han har lært i si tid som rådmann er dette: – Ingenting har meir å seia for kommuneøkonomien enn folketalet.

– Eit lite hån mot oss

LEIKANGER: Vibeke Johnsen er kritisk til regjeringa si innretning på samferdslesida.

– Regjeringa satsar stort på firefelts motorveg, som er dei tryggaste vegane, seier finansminister Siv Jensen.

Det får varaordføraren i Sogn sin nye storkommune til å sjå gult.

– Gul midstripe fyrt

– Finansministeren snakkar om at firefelts motorveg er tryggast. Det er eit lite hån mot oss, seier ho, og peikar på den smale og svingete rv. 13

Hellavegen, som ho kallar alt anna enn trygg nok.

– Når vegen er rassikra og gul midstripe er på plass, då kan ein snakka om motorveg, seier Johnsen.

Viktig i kommunen

– Trygge bruksvegar må på plass, meiner Vibeke Johnsen, og legg til:

– Hellavegen er ein viktig veg innbyrdes i kommunen når innbyggjarane skal ferdest frå eit senter til eit anna.

Slike vegar må prioriterast fyrt, meiner varaordføraren i nye Sogndal kommune.

Bjørn Sølsnæs
bs@sognavis.no



HELLAVEGEN: Hovudferdselsåra mellom aust og vest i nye Sogndal kommune er både svingete og smal. Varaordførar Vibeke Johnsen (SV) meiner regjeringa bør prioritera trygge bruksvegar til alle før ein kan snakka om motorveg. (Arkivfoto)

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no



Tunnelen blir 14,9 km

LÆRDAL: Ein tunnel Borlaug-Bjøberg blir 19 kilometer lang og kjem til å kosta omlag 8,3 milliardar kroner. Statens vegvesen har levert ei liste over vegprosjekt det kan sparast inn kostnader på. Tunnelen under Hemsedalsfjellet var gjenstand for utgreiing i 2015 og blei peikt på som ei av to hovudårer i framtida for tungtransport aust-vest. Det ligg ikkje føre planar for

bygginga og tunnelen er ikkje omtala i NTP 2018-2033. Etaten har i eit brev til departementet drøfta eventuelle innsparinger, men konkluderer ikkje med omfanget av desse, omgjort til redusert kostnad. Prisen på 8,3 milliardar er ein såkalla referansecostnad. Den føreliggjande løysinga inneber at det blir bygd ein tunnel med to prosent stigning, som er gunstig for tunge køyretøy.

Reguleringsplan for Strandavegen

LEIKANGER: Formannskapet har godkjent reguleringsplan for Strandavegen for høyring og utlegging til offentlege etter-syn. Det vart også vedteke ei presisering i føresegnene om at gesimshøgda ikkje skal overstiga tre meter og maksimal mnehøgda skal ikkje overstiga 5,5 meter frå Strandavegen.

STATSBUDSJETTET



KREVJANDE START: Varaordførar Vibeke Johnsen (SV) og ordførar Arnstein Menes (Sp) studerer tala i kommuneopplegget i statsbudsjettet, og kan konstatera at det den fyrste budsjettprosessen i nye Sogndal kommune vil bli ei krevjande øving. (Foto: Terje Eggum)

Fekk ikkje starthjelp

■■■ Krevjande utgangspunkt for nye Sogndal

LEIKANGER: – Dette blir krevjande. Me hadde håpt på drahjelp i startfasen, men det fekk me ikkje.

Det seier Arnstein Menes, fersk ordførar i ein like fersk kommune.

Nye Sogndal kjem ut med ein vekst på 2,0 prosent. Dette er under lands- og fylkes-snittet på 2,2 prosent.

– Me taper i utviklinga, og det gjer at det er krevjande budsjettprosesser me skal inn i utover hausten.

Krevjande øving

Det kan ifylgje Menes få konsekvensar når storkommunen skal staka ut kurset på økonomisida framover.

– Vårt fokus er todelt: Me skal vidareføra drifta av dei tre kommunane med gode tenester til innbyggjarane, og

samstundes setja oss i stand til å investera for framtida og finna satsingsområde. Det blir krevjande.

– Kva tyder dette i praksis?

Vil ikkje sentralisera

– Det er litt tidleg å seia, for me har ikkje fått konkretisert frå administrasjonen korleis dette ser ut, men det kan sjå ut til at det handlingsrommet me hadde håpt på kanskje ikkje er der.

– Me ser frå regjeringshald at sentralisering er svaret. Det vil me motverka, seier ordføraren, og avsluttar:

– Me skal ta vare på små lokalsamfunn i heile kommunen og samstundes utvikla Sogndal som regionsenter. Det blir hovudutfordringa.

Bjørn Sølsnæs
bs@sognavis.no

2000 fleire omsorgsplassar

LEIKANGER: For å bygga fleire og betre heildøgns omsorgsplassar i sjukeheim og omsorgsbusterader føreslår regjeringa å leggja til rette for tilskot til om lag 2.000 fleire og betre heildøgns omsorgsplassar i 2020. Tilsegningsramma er på 3,6 milliardar kroner. I år framover vil det vera stort behov for fleire heildøgns omsorgsplassar. Halvparten av tilsegningsramma skal gå til rein netto tilvekst av plassar. Det resterande tilsegningsbeløpet skal gå til rehabilitering og utskifting av eksisterande plassar.

Vidarefører sukkeravgifta

KAUPANGER: – Det er skuffande, men ikkje overraskande, seier Trine Lerum Hjellhaug, administrerande direktør i Lerum. I regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet blir sukkeravgifta verken kutta eller differensiert. – Regeringa held fram med ein uføresieleg avgiftspolitikk. Dei rettar ikkje opp i feilen frå 2018 då me fekk ein avgiftsauke på 42 prosent. Heile drikkebransjen er skuffa i dag, seier Hjellhaug. Sukkeravgifta kom som lyn frå klår himmel då statsbudsjettet for 2018 vart lagt fram. Avgifta gjorde at Lerum fekk ein avgiftsauke på 16 millionar i fjor. Eit utval utnemnd av regjeringa anbefalte i vår å skrota dagens sukkeravgift til fordel for differensiert sukkeravgift som skil mellom brus med og utan tilsett sukker. – Kvar er innspeila deira varetekne, undrar Hjellhaug. – Eg hadde trudd dei ville ta dette inn over seg.

Etterlyser ladesatsning

LEIKANGER: Norsk elbilforening er glade for at statsbudsjettet inneheld fordelar for elbilar. Men den varsle støtteordninga for lading i burettslag og sameiger vert ikkje lagt fram. I ei pressemelding melder elbilforeningen at Noreg har langt att for å nå regjeringa sine mål om at alle nye bilar i 2025 skal vera elbilar. Framleis kjøper dei fleste nybilkjøparane bensin- og dieselmotorar. Så langt i år var 44,7 prosent av alle nye personbilar som blei selde, elbilar. – Regjeringa innfrir ikkje løftet frå regjeringserklæringa om etablera ei støtteordning for å gjera burettslag og sameiger ladeklare, seier Unni Berge, kommunikasjonsleiar i Norsk elbilforening.

STATSBUDSJETTET



FELLESMAGASIN: I Amdalen skal magasinet verta bygd utifra det som tidlegare var ein eskefabrikk.

(Foto: Musea i Sogn og Fjordane)

Får 40 millionar til fellesmagasin

Musea i fylket

Vanskeleg situasjon

LEIKANGER: Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) har store utfordringar når det gjeld tilfredstillinge oppbevaringstilhøve for samlingane.

Nokre avdelingar har gode magasin for delar av samlingane, men saknar magasin for større gjenstandar. Andre avdelingar saknar magasin i det heile.

Dårlige tilhøve

I 2007 var situasjonen kritisisk. 75 prosent av gjenstandane var dårlig eller ikkje tilfredstillende lagra, og 81

prosent hadde därleg eller ikkje tilfredstillende klimatiske tilhøve, syner ein rapport utarbeid av ABM-utvikling.

Ti år seinare var tilhøva framleis ikkje tilfredstillende.

40 millionar

I statsbudsjettet for 2020 har Kulturdepartementet føreslæge eit løvye på 40 millionar

kroner til eit fellesmagasin for musea i fylket.

Tidleare har Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyvd 20 millionar kroner til prosjektet.

Prosjektet har ein totalkostnad på 77 millionar kroner.

Ingvild Bakken
ingvild@sognavis.no

Løft for dei minste lokalavisene

LEIKANGER: 30 millionar kroner skal øyremerkast dei minste lokalavisene. Dette kjem fram i regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet for 2020.

Held lovnad

Landslaget for lokalavisar (LLA) er svært glade for at regjeringa og kulturminister Trine Skei Grande (Venstre) dermed følgjer opp det dei lova i mediestøttemeldinga som vart lagt fram på LLA sitt landsmøte tidlegare i år.

– Dei ekstra midlane som regjeringa no set av til dei minste lokalavisene er avgjande for at mange av dei små avisene skal klara å satsa på digitale plattformer. Den digitale omstillinga er krevjande, både økonomisk og fagleg. Å levera god og viktig lokal journalistikk til innbyggjarane er framleis det viktigaste for lokalavisene. Det vil dei



LØFT: Kulturminister Trine Skei Grande (Venstre), Rune Hetland (avtroppande generalsekretær i LLA) og Tomas Buvik (påtroppende generalsekretær i LLA).

(Foto: LLA)

ekstra pengane som no er lagt på bordet bidra til, seier LLA sin generalsekretær Rune Hetland.

Aukar med 40 mill

I statsbudsjettet føreslår

regjeringa å inflasjonsjustera produksjonstilskotet med 10 millionar krinar, i tillegg til midlane på 30 millionar kroner. Det samla produksjons-tilskotet til avisene auka med totalt 40 millionar kroner.

– Me er nøgde med at kulturministaren og regjeringa prioritærer dei minste avisene, seier Hetland.

Ingvild Bakken
ingvild@sognavis.no

Fjernar støtte til kosmetisk regulering

LEIKANGER: Regjeringa føreslår å følgja opp Helsedirektoratets forslag om å fjerna støtte til tannregulering til barn som er kosmetisk begrunna og ikkje har betydning for tannhalsa. Dagens statlege subsidiar for grupper med minst alvorlege tilstandar utgjer 40 prosent av refusjonstakstane for tannbehandlinga. Omlegginga fører truleg til at talet barn og unge som startar opp med tannregulering kvart år reduserast frå 30.000 til 20.000. Omlegginga av stønadt i gruppe C skal gjenomførast gradvis frå neste år og kjem ikkje til å råka personar som har starta behandling i år.

Vil styrkja sjukehusa

LEIKANGER: Regjeringa føreslår å styrkja sjukehusa med 1.582 millionar kroner i 2020. Dette gir rom for ein aktivitetstekst på om lag 1,5 prosent. Dermed leggjast det til rette for ein høgare vekst enn den demografiske utviklinga tilseier, som vil bli om lag 1,3 prosent. – Regjeringa har med sine sju budsjett lagt til rette for ein vekst i pasientbehandlinga på 15,5 prosent. Det er fem prosentpoeng høgare budsjettet vekst enn etter åtte budsjett med dei raudgrøne. Ventetida er redusert med 16 dagar, og det er 60.000 færre i helsekø, sidan 2013. Men framleis er det mange pasientar som ventar for lenge, seier helseminister Bent Høie.

God støtte til nynorsktiltak

LEIKANGER: Regjeringa har sett av 4,2 millionar kroner ekstra til nynorsktiltak i statsbudsjettet. – Det er gledeleg at regjeringa ynskjer å ta i eit tak for nynorsk. Med ekstraløyvinga på 4,2 millionar kroner nyttar dei pengane godt og får effektiv satsing på digitalisering og tiltak retta inn mot barn og unge, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag. Ekstraløyvingane fordeler seg slik: 1 mill. kroner i løvying til Nynorskhuset i Førde, 1,2 mill. til Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), 1 mill. til Nynorsk pressekontor og 1 mill. til Det Norske Samlaget. – Det er også spennande at regjeringa stør etableringa av Nynorskhuset i Førde med ein million kroner som dei gjev til Sogn og Fjordane Teater. Å få etablert eit nynorskhus i Førde vil vera med på å styrkja nynorsk teater for barn. Noregs Mållag er skuffa over at regjeringa heller ikkje denne gongen kjem med ei avklaring i spørsmålet om språkdelte ungdomsskule. Dette må på plass for å sikra dei språklege rettane til nynorskelevane.

STATSBUDSJETTET



USAMD I PRIORITERINGAR: Dei siste åra har fleire bygder i Sogn og Fjordane opplevd flaum og skredskadar. Bondelagsleiar Anders Felde vil at regjeringa skal gje meir pengar til førebygging av slike skader. Her frå Skjolden i fjar. (Arkivfoto)



KRITISK: Trygve Slagsvold Vedum meiner regjeringa ikkje lyttar på folket. (Foto: Arkiv)

Fryktar sterkare press på matjorda

■■■ Ynskjer meir pengar til førebygging

LEIKANGER: Anders Felde er redd naturskadar fører til større press på matjord.

– No klarer regjeringa det kunststykket å gje mindre pengar til førebygging av skred og flaum, seier Felde, som er leiar i Sogn og Fjordane bondelag.

Førebygging

Det er sett av 45 millionar kroner i statsbudsjettet til krise og hastetiltak i samanheng med flaum og rasskadar. Norges Bondelag peikar på at dette går på bekostninga av det førebyggjande arbeidet. Bondelaget viser til at samanlikna med saldert budsjett for 2019, går løvyingane til flaum og skredførebygging

ned i 2020.

Felde er usamdi i prioriteringa og skulle sett det blei sett av meir pengar til førebygging.

– Vestlandet skrik etter førebygging i høve ras og flaum. Me ser kommunane lagar flaum- og raskart. Men køen for å sikra tiltak blir lengre og lengre. Det kan føra til at Vestlandet blir ein mindre sikker stad å byggja og bu.

Felde meiner dette går ut over matjorda.

– Dersom kommunane ikkje har sikre stader til busstafelt og næringsareal, blir det større press på den vesle matjorda me har. Det er alleie stort press på dyrka mark som det er, seier Felde.

Tre år på rad

Han har tre år med store skadar ferskt i minne. I 2017 fekk mellom anna Utvik og Breim

store skader, i fjar var det Luster og i år Jølster og Hyen.

– Dette er tredje året på rad. Eg trudde det var på tide med ein skikkeleg sum og krafttak. Alle forskarar seier det bli meir ekstremvêr. Det ser det ikkje ut til at regjeringa har innsett.

Felde håpar politikarar på lokalt og regionalt nivå vil sikra endringar.

– Det er blitt meir fokus på flaum- og raskart, då er det rart det blir mindre til førebygging. Der har me vestendingar eit ansvar for å vekkja regjeringa, seier Felde.

Vaskar vekk jord

I ei pressemelding frå bondelaget seier leiar Lars Petter Bartnes at mange bønder har mista grunnlag for delar av produksjonen sin grunna ras og flaum.

– Ras og flaumstore elvar

kan vaska vekk matjorda og fjerna grunnlaget for å produsera mat på eit blunk. Det er naturskadar som kan få konsekvensar for matproduksjonen i generasjonar. Eg meiner at regjeringa burde ta klimaendringane meir på alvor og gje meir pengar til sikringstiltak, seier Bartnes.

Meir til NVE

Han meiner Norsk vassdrags- og energidirektorat (NVE) må få meir pengar.

– Det trengst meir pengar til NVE for å kunna førebygga ras- og flaumskadar, anten det er reinska opp flaumutsette vassdrag, sikra utsette elvekantar eller auka reguleringa av vassdrag der det er mogleg, seier Bartnes i pressemeldinga.

Renate Sæle

renate@sognavis.no

Reagerer på ny reform

LEIKANGER: Måndag kom nyheita om at over 200 skatteinkrevingskontor over heile landet skal sentralisera.

Senterparti-leiar Trygve Slagsvold Vedum reagerer kraftig på sentralisering av skatteinkrevingskontor og nedlegging av arbeidsplassar i heile landet.

– Lyttar ikkje

– Regjeringa har ingen grenser for kor mange tenestar og arbeidsplassar som skal sentralisera vekk frå folk. Frå før har Høgre og Frp lagt ned lensmannskontor, skattekontor og Nav-kontor i heile landet, og seinast i førre veke kom forslaget om å leggja ned tingrettar og ta vasskraftintekter frå kommunane, seier Slagsvold Vedum.

Han meiner at dette er nok eit eksempel på at regjeringa ikkje lyttar til folk.

– Høgre og Frp har ikkje lært noko av valet, der folk ga tydeleg beskjed om at de ikkje vil ha meir stordrift og sentralisering. Det første regjeringa gjer er likevel å sentralisera endå meir. Det er så arrogant at eg har nesten ikkje ord, fortset han.

– Angrip norsk industri

Slagsvold Vedum meiner at regjeringa held fram med å angripa norsk industri og norske arbeidsplassar.

– Avgiftspolitikken til regjeringa går hardt ut over både bedrifter og arbeidsfolk. Heller ikkje denne gangen rettar regjeringa opp feilen det var å innføra ei massiv avgiftsauking på ikkje-alkohaldige drikkevarer. Me veit at denne avgifta flyttar arbeidsplassar fra Noreg til utlandet, og det er heilt uforståeleg at regjeringa ikkje vil senka avgifta for å sikra norske arbeidsplassar, sier Vedum.

Fullfører vegprosjekt

VIK: Riksveg 13, Vik–Vangsnes og E16 Gudvangatunnelen og Flenjatunnelen har begge fått midlar til sluttføring av arbeidet i 2020.

Dette går fram av statsbudsjettet for 2020.

Regjeringa set av 158 millionar kroner til ei oppgradering av Gudvangatunnelen og Flenjatunnelen. Vifter og lys skal skiftast ut, det blir montert rømmingslys, naudstasjonar med telefon og brannsløkkarar, system for handtering av brannfarleg væske og ne bom-

ember 2017 og skal vera fullført i juni 2020.

Regjeringa set også av midlar til å føra vidare utbetringa av ferjekaiane for å leggja til rette for nye ferjer i sambandet Hella–Dragsvik–Vangsnes på rv. 13/rv. 55, Sogndal og Vik kommunar.

Gudvangatunnelen

Det er sett av 167 millionar kroner til ei oppgradering av Gudvangatunnelen og Flenjatunnelen. Vifter og lys skal skiftast ut, det blir montert rømmingslys, naudstasjonar med telefon og brannsløkkarar, system for handtering av brannfarleg væske og ne bom-



FULLFØRING: Vik–Vangsnes har fått 158 millionar til fullføring. Arbeidet skal vera ferdig i juni 2020. (Arkivfoto Gunnar Kleven)

mar. Dette prosjektet skal vera ferdig i september 2020.

Det blir også sett av midlar til utbetring av Lærdal-, Borgund- og Seltatunnelane på

E16 i Lærdal og Stedjeberg-tunnelen i Sogndal.

Jan Egil Fimreite

jan.egil.fimreite@sognavis.no

Ingvild Bakken
ingvild@sognavis.no